



# DEN NORSKE KYRKJA

## Lavik sokneråd

### Møtebok Lavik sokneråd

Møtedato: 28.mai 2020

Møtetid: kl. 19.00

Møtestad: Lavik kyrkjekontor

### Tilstades:

Katrin Borlaug Ringereide, Hilde Iren Bosdal, Tonje Førde Systad, Toril Lange, Rolf Aamot, Wenche Liljedal, Torunn Styve

### Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekklus, Bjarne Hellebø, Olav Hellebø, Audun Engedal, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

### Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå siste møte.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Gjennomgang av referat frå forrige møte: Saker frå dette møtet som det ikkje har skjedd noko med grunna Koronasituasjonen med nedtsenging og stopp i møteverksemd, vert teke tak i etter sommaren:

- a) Oppfølging av utfordringar etter visitas 2019, ex tilbod til menneske midt i livet.
- b) Behov for nye mikrofonar i kyrkja.

### Meldingssaker

#### 002/2020      Resultat av fasteaksjonen

Aksjonen vart gjennomført digitalt via Facebook pga Korona-situasjonen. Det kom inn kr 10 192 (Til samanlikning kom det inn kr 14354 i 2019). Vi tenkjer at det seinare bør vere mogeleg å ha innsamling via Facebook, men også engasjere konfirmantar til å delta med bøssebæring.

### **003/2020      Arbeid utført på kyrkja**

Det er oppdaga lekkasje ved inngangsdøra samt avskalling av maling og ein del lister i samband med fleire glas som bør skiftast. Soknerådsleiar og kyrkjetenar har vore på synfaring. Lekkasjen er tetta. Ein ynskjer å oppmode Fellesrådet om at midlar som står att etter forrige lekkasjereparasjon kan brukast til å utbetre desse nye punkta.

### **004/2020      Tilbod til dei midt i livet.**

Vi vil ta tak i denne utfordringa etter sommaren. Det har ikkje kome forslag til tema, slik vi snakka om på forrige møte. Det kom opp eit forslag om å ta for oss tema som ikkje nødvendigvis handlar berre om tru – dette for kanskje å nå ut til fleire enn dei «vanlege» kyrkjegjengarane...td «Nettvett», som absolutt er aktuelt for menneske midt i livet.

Det er også semje om å sjå på kva dei har gjort i denne samanhengen i Bjordal/Ortnevik (snakke med Geir Sørebo). Vi utset saka til neste møte.

### **007/2020      Gjennomgang av vedlagt framlegg til lokal smittevernplan for kyrkja i Høyanger.**

Vi vil oppmode om at denne vert lagt ut på kyrkja si heimeside samt at det vert laga ei kortfatta og oversiktleg punktliste til oppslag i våpenhuset.

**Vedtak:** Vi støttar framlegget

### **008/2020      Gjennomføring av nattverd jfr Smittevern.**

**Vedtak:** Viser til framlegg til lokal smittevernplan for kyrkja i Høyanger.

### **009/2020      Gjennomføring av gudstenester**

**Vedtak:** Viser til framlegg til lokal smittevernplan for kyrkja i Høyanger.

### **010/2020      Barne- og ungdomsarbeid**

Vi gjennomgjekk ein førebels plan for aktivitetar gjeldande frå no og ut september 2020. På tross av usikkerheita rundt kva det er «lov» til å gjennomføre, tenker vi at det er betre å ha noko på planen – og heller avlyse – enn å ikkje ha planlagt noko.

**Vedtak:** Utarbeidd plan for barne-og ungdomsarbeid hausten 2020 vert gjennomført så langt forholda rundt smittevern tillet det.

### **011/2020 Gudstenesteliste**

Vedrørende offer tenkjer vi at ein har tilbod om Vipps, men i tillegg gjer det mogeleg å gje kontantar i plastpose – som vert halden i karantene i 10 dagar før vidareending.

Når det gjeld tidspunkt for gudstenester, gjer vi merksam på at vi syns det er uheldig å ha gudsteneste kl 14, då det «okkuperer» heile dagen. Vi er kjende med at dette er utfordrande – særleg med tanke på kantorressursen, - men vil likevel bemerke dette.

**Vedtak:** Gudstenesteplan frå juni tom september 2020 vart oppdatert og vert gjeldande.

### **012/2020 Innføring av revidert gudstenesteordning.**

Det er kome brev frå biskopen der han utfordrar sokneråda om å

- A) Revidere lokal gudstenesteordning og liturgiske bøker.

**Vedtak:** 2 personar frå soknerådet vil gå gjennom dei ulike ledda i gudstenestesta (eit 3.medlem vert spurd om å vere med)

- B) Fylgje opp soknerådskurset etter koronatida (soknerådskurs 2)

**Vedtak:** Vi oppmodar om at soknerådskurs 2 vert lagt til Alværa.

- C) Krafttak for misjon – oppmoding om å tenke på våre kristne sysken i koronatida.

**Vedtak:** Vi vil gje kr 5000 til misjonsprosjektet i Mali.

Dato for neste møte vart ikkje fastsett, men vi planlegg å halde møta på Alværa framover, då smittevernet er enklast å ivareta der.

Behov for lys på parkeringsplassen bør vere sak på neste møte

Lavik 28. mai 2020

Torunn Styve, ref.

## Plan for gudstenestene , frå juni – september. pr 27.05.2020

Dato	Kl	Gudsteneste	Prest/deltek	Organist	Kyrkjetenar	Takkoffer	Klokkar	Kyrkjevert	Merknad
31, mai	18.00	Høgtidsgudsteneste	Andreas	Gerda	Bjarne	Misjonsprosjektet	Torunn	Katrin	Hugs smittevermreglane
10. juni	19.00	Samtalegudsteneste; konfirmanntar	Andreas/Toril		Audun	Misjonsprosjektet		Wenche	
14. juni	14,00	Dåpsgudsteneste	Andreas		Audun	Kirkens SOS	Olav	Rolf	
12. juli	11.00	Gudsteneste	Runar		Bjarne	KABB - arbeid blant blinde	Tonje	Tonje	
2. aug	18.00	Gudsteneste	Andreas		Olav	Barnevakten	Toril	Toril ber nokon om hjelp dersom friluftsg.	Friluftsg? Alværa?
30. aug	11.00	Gudsteneste Presentasjon av konf	Geir/Toril		Olav	Sjømannskyrkja		Rolf	50-årskonf
26. sept	12.00	Konfirmasjon	Andreas/Toril		Audun	Alværa			
27. sept	11.00	Hauttakkefest Familiegudsteneste	Geir/ Toril m.fl		Audun	Søndagsskulen			Utdeling av bøker

Vi minner om Alværestemnet, som er planlagt til lørdag 29.august

Organist er ikkje sett inn, då vi i soknerådet ikkje har oversikt over dette.